

Haustetilrådingar per 13.sept. 2016 (etter prøveuttaking 12.sept)

NLR og Sognefrukt har teke ut nye prøvar og analysert. Resultata følgjer i tekst/talform og blir også kunngjort via Frukt-bærmelding til medlemmar i NLR.

Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hjå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyising (NB! Er ei anna formulering enn den veterinærane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgongar er tilrådd for alle sortar. Frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.

Discovery

Denne er i ferd med å bli ferdigplukka kringom.

Clara Frijs

Denne er i ferd med å bli ferdigplukka kringom.

Summerred

Plukking er i full gong på tidlege stader og det er denne gongen difor kun teke ut eit par prøvar på Vangsnes og i Sogndal. Tala syner at denne no er hausteklar over alt. Dyrkarar som har sprøytt med Cerone ligg gjerne eit hestehovud framom i utvikling, så ver påpasseleg med å hausta tidsnok! Dette er siste prøveuttak i denne sorten for i år.

Raud Gravenstein

Det er teke ut nye prøvar på Leikanger og i Sogndal. Analysetal for fastheit, stiveinnhald og streifindeks indiker at sorten no er hausteklar. Både dekkfarge og grunnfarge har kome fint i det siste og sukkerinnhaldet er høgt. Dette er siste prøveuttak for sorten i år.

Celina

Det er teke ut ein ny prøve på Celina på Slinde. Me nyttar rettleiande verdiar for Clara Frijs i analysen og tala viser at sorten ut i frå det no er hausteklar. Dette samsvarar også bra med erfaring frå Belgia med at sorten bør haustast med ei fastheit kring 5,5 for å halda seg i handelen. Fastheita er no på rask veg ned og pærene er også vorte saftige og gode. Høgareliggande hagar og/eller på Brockmal nærmar seg nok også rett haustetid, sidan det er lite avling på trea i år.

(Raud) Aroma

Det er teke ut prøvar på Slinde, Leikanger, Sogndal, Feios og Vangsnes. Tala viser at sorten ikkje er haustklar enno, men dei nærmar seg i enkelte områder. Om vèret blir bra fametter vil utviklinga skje raskt. Grunnfargen ligg no på C2, men er i ferd med å lysna. Slik det ser ut no ligg det an til start-hausting i overgangen veke 38/39 på tidlege stader. Det er dermed for seint for evt. Topsin behandling jfr. sperrefrist. Nye prøvar blir teke ut på måndag 19.september.

Ved neste prøveuttak på måndag 19.september vil det forutan prøvar av (Raud) Aroma også bli teke ut prøve av Rubinstep.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Vest

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498